

**Fra:** Anders Braanaas [anders.braanaas@me.com]

**Til:** Postmottak Sogndal [Postmottak@sogndal.kommune.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 28.12.2019 19:10:23

**Emne:** Klage frå Norsk Ornitologisk forening, avd. Sogn og Fjordane. Detaljreguleringsplan gbnr. 85-8 m.fl. Hagestrondi på Fimreite-

**Vedlegg:** 3229dd37-3236-4855-abf1-68cb09aefcf6.jpg

null

Til Sogndal kommune

V ordfører

6851 Sogndal

Frå Norsk Ornitologisk forening AVD Sogn og fjordane

V Anders Braanaas

Soknavågsvegen 141

6986 Værlandet

### **Klage frå Norsk Ornitologisk forening, avd. Sogn og Fjordane.**

Vi viser til melding om politisk vedtak- Detaljreguleringsplan gbnr. 85-8 m.fl. Hagestrondi på Fimreite- Fritidsbustader med klagefrist 28.12.2019

Vi har tidlegare spelt inn merknader til planen som medlem av FNF- Sogn og Fjordane (Forum for Natur og Friluftsliv).

Vi meiner at planen med såpass mange hytter i området opp mot fuglereservatet er ei uforenlig øving med tanke på all menneskeleg aktivitet som dette vil generere og konflikten dette utgjør for sjøfuglen i området. Sognefjorden har berre to naturreservat med vern for sjøfugl og det er tilbakegang i bestandene og for mange arter på grunn av fragmentering av leveområder og forstyrning.

Ferdselforbudet i hekkeperioden i strandsona rett utafor det regulerte området vil vere umogeleg å handheve effektivt til ein kvar tid i hekkeperioden og vi legg merke til at ornitologen som uttalar seg meiner at det er ein føresetnad for at sjøfuglen ikkje skal bli negativt påverka.

Samstundes er det svært sannsynleg at brukarar av hyttene på sommaren vil trekke ut på sidane av dette området t.d frå Indrebogen og austover og bruke dette til bading og anna aktivitet Avstanden til fuglereservatet er tilnærma lik den som ligg i restriksjonssona utanfor hyttfeltet. Vi har registrert at brukarar av hyttene kan nytte eit aktivitetsområde over 1 km unna utan at det er utført regulering der (Gjerlog).

Utslepp frå slamavskiljarar frå 15 einingar nær eitgruntområde (i tillegg til to einingar frå før) som er viktig som beiteområde for sjøfugl vil og vere negativt for fuglen. Den viktigaste perioden for bruk av området for folk og fugl er samanfallande og dette gjer det enda meir vanskeleg.

Klimaendringar med eit ver som vert våtare, villare og varmare vil og kunne verke forstyrrende på økosystemets balanse ved at sjøfuglene og må takle det. T.d. korleis meiroverflatevatn ut i grunnvassområda og vil kunne endre artssamansetningen og individmengd av beitearter som fuglen nyttiggjer seg av

### **PÅSTAND:**

Vedtaket er i strid med Naturmangfoldlova si §10 som gjeld økosystemtilnærming og samla belastning:

Påverknad av eit økosystem skal bli vurdert utfrå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for.

**Grunngjeving:** Det er ikkje handsama og teke omsyn til kva auka ferdsel i strandområda spesielt aust men og vest for restriksjonsområdet vil føre til når det gjeld hekking, yngling og næringsøk for sjøfuglen i kombinasjon med utslepp fråslamavskiljarar for 15 hyttar i tillegg til utslepp av overflatevatn.

**Vi ber samstundes om utsett iverksetjing av vedtaket inntil klagen er avgjort, jf. forvaltningslova §42**

Anders Braanaas (Sign)  
Leiar NOF Sogn og Fjordane

Anders Braanaas,  
Soknavågsvegen 141,  
6986 Værlandet  
Tlf: +47 40103521

Anders Braanaas,  
Soknavågsvegen 141,  
6986 Værlandet  
Tlf: +47 40103521